

## Hundaskit på kyrkjegarden.

01.09.2017



Hundeskit vil vi ikkje sjå på kyrkjegarden!

**På Uskedalen.no har vi ved ein del høve skriva om den plagsame hundeskitten. Det er slett ikkje kjekt! Ekstra leitt er det å skriva denne meldinga. I dag fekk vi nemleg melding om hundeskit-plage på kyrkjegarden. Minst fire ulike plasser kom kyrkjegardsarbeidarane borti slikt styggedom då dei slo graset på kyrkjegarden.**



Minst fire plasser hadde hundar lagt frå seg og hundeeigar gitt blaffen!

Dei to som er avbilda låg bort mot vegen ned til kyrkja ikkje langt frå kvarandre. Det låg også to 'haugar' ganske nær kvarandre på sida bort mot Sandakaien. Desse var ganske 'ferske' og var komne til siste dagane. At ein ikkje tar opp skiten etter hunden på kyrkjegarden ein gong, vitnar om totalt respektlaus oppførsel. Kyrkjegarden er ein plass der besøkjande ofte har sterke følelsar, og folk går der både med krykkjer og andre hjelpemiddel for å visa respekt og kjærleik til sine kjære på gravplassen. Då må dei få sleppa å gå i hundaskit! Eg håpar alle viser såpass med respekt og folkeskikk heretter at dei brukar pose og tar med seg skiten!

Kyrkjegardsarbeidarane skal og sleppa å koma i kontakt med dette griseriet. Saman med etterkommarane etter dei gravlagde gjer dei ein flott jobb for at kyrkjegarden vår skal vera så fin som mogeleg. Eg rår alle til å ta ein tur og sjå kor fint det er med nydelege blomefargar og nyslått gras.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland